

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke:

Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad:

Fjell

Emne:

Helsing, fakker og afferd

Bygdelag:

Søre lüten

Oppskr. av:

Hans O. Nordvik

Gard:

Nordvik

(adresse):

Nessjøen

G.nr.

4

Br.nr.

4

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- 1) Vi uttrykkjer "ja" (samtykkjer) ved å nikka med hovudet, og "nei" ved å rista litt på hovudet.
- 2) For i tida helste dei på folk dei møtte, (kraft) sjølv om dei var ukjende, og eldre folk gjer det gjerne ennå; men det er ikkje skikk idag millom yngre folk. Vi helsar berre på folk som dei kjenner, eller vert presentert for.
- 3) Det var som regel mannen som helste først, når det gjaldt kvinner og born.
- 4) Var det slekt, og vener, som møttes, handhelske dei på kvarandre, og sa go' morn, go'dag eller go'kveld, eller som dagen leid.
- 5) Når mannfolka var samla i for kyrkja søndag for kyrkje-tid, og prestene kom, vart han helsa "go' morn", og alle mannfolk leffa på hatten eller hua. Men det var ikkje vanleg skikk.



21  
i eldre tid, at ein tok hatten  
av, når ein helsa på bygdefolk  
og kjemningar.

Idag brøka ein ofte å helsa  
på folk, ved å letta på hatten  
eller hua, og er det gode kjemningar,  
helsar ein, ved å ta dei i handa  
med fast grep, og kanskje rista  
litt mid handa, som gir uttrykk  
for glede over å møtast.

Før i tida hadde det jamne  
lag av folket her, mykje meir  
otte og age for prest og embets-  
menn ein dei har idag.

Ja, eg trur eg kan segja det  
på den måten, at folket ser  
det slik, at embetsmenn og  
bestillingsmenn er sett til å  
vara herrar for folket, og  
ikkje herrar.

Men eg vil føya til, at presten  
framleis er helsa med vurdnad  
og velvilje av folket her.

6) Det tydde berleg vurdnad.

7) Oftast helste ein samleis.

8) Ein handhelste på alle  
ein kjinde, i brüdläup og gravferd,  
og når ein kom på vitjing til  
slegt og vener, på borna og.

Ein handhelste på slegt og vener  
ved kyrkja og på kyrkjeweeg.

Likeeins når ein ynkke tillukke  
med sarlege dagar eller tilhöve.

9) Det var ofte brükt för; men  
ein ser det lite no.



10)

og veit ikkje om, at mennene  
 tok av seg hatten, når dei  
 hørde klokkeringing; men dei  
 heldt opp med arbeidet, og stod  
 still, som under ei andagtsstund.  
 Det gjorde både menn og kvinner.

11) Når ein måtte slikfylgje,  
 tok mennene hatten eller heia  
av og stod still, til fylgje  
 var komen framom.

Bie skikk som er gamal, og  
 som enno er i bruk her, er  
 at ein strør brakegriner eller  
 granbar på vegen, der gardsvegen  
 frå dei ymse huslyder kjem  
 bort i hovudvegen. Bie kan  
 gå over mange slike brakestrødde  
 vegovergangar frå heimen og  
 til kyrkjegarden. (gravplassen)

Det tyder medkjindse i borga,  
 og vykdnad for avlidne.

Når ein måtte brürefylgje  
 gjekk ein litt av vegen,  
 stanste til fylgje var komen  
 framom, medan ein hilste på  
 kjemningar ved å letta på hatten.  
 Dette er millom bygdefolk iunær bygda.

12) Nei.

13) Frå klokka 4 og til kl. 10  
 föremiddag pleiar ein helsa med  
 å seija: "gornorn". Etter den  
 tida sejer ein: "godag" når ein  
 möter, eller kjem saman med folk.  
 Etter klokka 6 em. (kl. 18) helser



4.  
ein som regel på folk ved å  
segja: "gokveld".

"Gomiddag" brüka ein å segja  
berre i dei høve, vedkomande ein  
er saman med går til middag.  
Når ein skal ha avskil med  
folk for lengre tid segjer ein:  
"Farväl" eller "adjö".

Til folk ein snakkar med  
ofte segjer ein som regel "gomorn";  
"gokveld" eller "ha det godt", når  
ein går frå dei.

"God natt" nyttar ein berre  
når ein skilst med folk seint  
på kvelden.

14) Ein tykkjer det er lite høveleg  
å segja "gomorn" midt på dagen  
eller om kvelden, og ein svarar  
med "goddag" eller "go kveld".

16) Det er ikkje vorte vauleg;  
men ein høyrer det av og til.

17) For i tidn var det vaeleg,  
at folk helst slik: Goddag,  
og signe arbeidet.

Og etter som det høvde, sa dei:  
Signe kvila, signe laget, og  
signe maten.

18) Når folkje "gjekk til alters" i  
kyrkja (fekke nattverden) vart dei  
helst med "tillukka og salighet";  
slagt og kjinningar handhelst,  
og sa: Tillukka og salighet.

Ein helst slik, om ein ikkje  
sjölv var nattverdgiest den dagen.  
Disse ynskje og uttrykk er



lite brükt i dag.

Yngre menn og kvinner nytta ikkje sovora helsing.

19) Ja, skikken er, at gjesten tek appatt helsinga sinne i stova og.

20) Det vart ordna på ymse vis, anten ved å gå inn i eit anna rom, om der var høve til det, eller so gjekk dei andre i huslyden ut or stova.

21) Det brükte ein å gjera fot, og det gjer ein framleis.

22) Dei svara som regel: "Kom inn", eller "versogs". Han eller ho (eller dei) som kom, stansete innfor døra til dess dei vart bedne om å ta plass, eller setja seg ned.

24) Ein skü: ta hatten eller hua av, straks ein kom inn.

25) Ein plaserte stolen på høvedeg stad, og bad vedkomande setja seg.

26) Det vart gjort større skilnad på folk for ein no; men skilnad vert gjort framleis.

27) Det hadde noko å seija, kva "muttrykk" ein fekk av den framande; men stort sett helste ein framfolk høvisk.

28) Ein helste meir hjarteleg, eller "uformelt" på kjerringar, enn på heilt framande.

29) Då stod husfaren ut på tünnet eller på krappa utfor døra, og helste gjestene velkomne, førde



dei iuu i gangen, hjalpste dei  
gjernem<sup>av</sup> med lymse overty, og bad dei  
iuu i stova.

30) For i tida sa ein "farvel" ved  
kvardagslege utjingar og. Dei ein  
skildest med sa og farvel.

Ein sa ikkje "farvel" til naboar ein  
var iuuom; men ein sa alltid  
go kveld eller go natti nar det leid  
so langt på kvelden, nar ein  
gjekk frå dei.

31) For lengre tid. sa ein alltid:  
"Farvel" og la til: Lukka på reisa,  
eller, farvel og lukka på turen.

Nar ein tok avskil med kjende  
og kjare kunde ein segja so  
mangt og mykje; men ein sa  
gjernem til sist, nar det truleg var  
siste gang: Farvel og takk for  
alls!

32) Ja, det hende ofte for.

33) Nar mennene reiste på  
lengre fisketurar, so kysste dei  
kona si til avskil.

Det vil segja, hvis "forholdet" millom  
dei var godt.

Og voksne born som reiste ut frå  
heimen, fekk ofte ein kyss av  
mor si nar dei gjekk heimanfrå.

Dette som er nemnt her, forekjem  
ofte no for tida og.

Men eg vil nemne ein skikk  
som var vanleg for.

Nar gifte kvinner (koner) møttest



med søstre eller søskjenborn  
og/eller andre nære slektninger  
(av same kjønn) so tok dei kvarandre  
om halsen og kysstes.

Det var oftast ved kyrkja dei  
råkast i dei tidur.

Den skikken er det heilt slutt med.  
- Og trur at slektskjensla var  
sterkare før enn no, i alle  
høve her på Barbotøy.

34) Nei.

35) Det har ikkje vore skikk her.

36)

37) Nei.

38) Gje han eller ho ein „möss“.

39) Det har vore gjort mange  
gonger, og ein kalla det å byta  
nase.

40) Det var både mora og faren  
som gjorde det, og gjerne eldre  
søskjen og.

41) Det har ikkje vore mykje brukt  
her.

42) Ja, det er eit kjærteiken, som  
har vore, og er lidels brukt.  
Ein kalla det helst godkjake.

43) Det var mellom born og foreldre,  
vaksne og mindreårige søskjen,  
og gode veninder.

Det var helst når dei skul  
skiljast for ei tid.

44) Til dei ymse festdagar so  
folk til dei som hadde t. d.  
gebürsdag: „Tillukka med dagur“.



No for lida brükar ein meir uttrykket:  
"gratulerer med dagen".

45) Dei sa: Gladelig jol, eller  
god jol, godt nytt, og gratulerer,  
ved barnefödsel, trüloving og  
brüdläup.

46) Ved dödsfall og motgang har  
ein ikkje noko særst uttrykk.

Ä kondolere har ein ikkje brükt her.

Men slagts og nummer sender  
blomekranser til avlidne si bäre.

När gravferda er over vert det

47) sendt takkekort til kvar innsild  
som sende krans.

Det var ikkje skikk her, ä sende  
kranser til avdöde för etter 1900.

48) Ä takka for seg på vegne av den  
avlidne har ikkje vore brükt her.

Men det var gamal skikk her i  
byggda, at dei "skjunkte i garen".

Ä. v. s. Dei bar likkista ütfor tüset  
og sette ho ned üt på gardsplassen.

Tüspar'n eller verten gjekk dä med  
brennevinsflaska og sylvstülp og skjunkte-  
talle som var med i gravferda, menn  
og kvinner. Det var reiseskåla frå  
avlidne. — Den skikken var  
brükt til kortimat 1910.

49) Ein uttrykkte vanvyrdrnad ved  
äugnekast og ymse föoner for avsky.  
— Ein kan segja mykje verre med äugt.

50) No segjer ein dü til mest alle  
ein kjemmer godt. Til gamle folk  
og heilt framande segjer ein De.

51) Ni, det brükast ikkje her.